

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 02.10. 2007
Frå: **Administrerende direktør**
Sakshandsamar: **Gjertrud Jacobsen**
Saka gjeld: **Nevrokirurgi i Helse Vest - vidare prosess**

Styresak 078/07 O

Administrerende direktør si orientering pkt 10

Styremøte 03.10. 2007

Styret i Helse Vest RHF fatta 27.06.07 i sak 66/07 vedrørende nevrokirurgi i Helse Vest følgjande vedtak:

- 1. Styret viser til styreleiar sin munnlege gjennomgang av status for saka og møte med Statsråden, og sluttar seg til at styret i Helse Vest ber Helse- og omsorgsdepartementet gjere ein snarleg gjennomgang av det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest.*
- 2. Styret held fast ved sitt vedtak av 23.05.2007 (sak 041/07) og vedtak i Føretaksmøte i Helse Stavanger 24.05.2007 med unntak av punkt 2 g i føretaksmøtet. Dette inneber at vedtaket om endringar for Parkinson-kirurgien ikkje trer i kraft før resultatet av den vurderinga HOD skal gjere føreligg.*
- 3. Saka vert teken opp att når resultatet av departementet sin gjennomgang ligg føre.*

Saka blei 29.06.07 sendt til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), og HOD gav i brev av 05.07.07 Sosial- og helsedirektoratet (SH-dir) i oppdrag å gjere ein fagleg gjennomgang av det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest.

20. september 2007 leverte SH-dir sin rapport til HOD. HOD har ikkje tatt stilling til innhald i rapporten, men har sendt rapporten til Helse Vest RHF for vidare handsaming. Rapporten følgjer vedlagt.

SH-dir har vurdert det slik at ein ny fagleg gjennomgang av saka ikkje ville gi ny kunnskap og har derfor basert si vurdering på same grunnlag som styret i Helse Vest la til grunn når ein fatta vedtak i sak 41/07.

Det er SH-dir si klare tilråding at det nevrokirurgiske tilbodet i Helse Vest vert samla på ein stad i regionen. På grunn av at nevrokirurgisk verksemd er avhengig av andre høgt spesialiserte funksjonar må denne staden være Haukeland universitetssjukehus.

For å sikre ein god prosess i forkant av styrehandsaming i Helse Vest RHF bør styra i dei fire helseføretaka og brukarutvalet i Helse Vest få høve til å uttale seg om rapporten frå SH-dir før styret i Helse Vest RHF tar stilling til saka.

Det vert føreslått følgjande prosess:

17.10.07 Høyringsmøte med styra i Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Stavanger og brukarutvalet i Helse Vest. Presentasjon av rapport frå SH-dir om nevrokirurgisk verksemd i Helse Vest.

Det vert foreslått følgjande alternativ til invitasjon til møte:

a)

Leiar og nestleiar frå styra og adm. direktør frå kvart helseføretak samt brukarutvalet i Helse Vest

b)

Heile styret og adm. direktør frå kvart helseføretak samt brukarutvalet i Helse Vest

08.11.07 Styremøte i Helse Vest RHF - sak til styret i Helse Vest RHF om rapporten frå SH-dir vert lagt fram.